


# Skjøtselsplan

for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden  
landskapsvernområde



Ingunn Bårtvedt Skjerdal



<i>Tittel:</i> Skjøtselsplan for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde	<i>Rapportnr:</i> 3/2011
<i>Forfattar:</i> Ingunn Bårtvedt Skjerdal	<i>Dato:</i> 28.01.2010
<i>Referanse:</i> Skjerdal, I.B. 2011 Skjøtselsplan for husmannsplassen Nåli i Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland Naturverkstad rapport	
<i>Oppdragsgjevar:</i> Fylkesmannen i Hordaland	<i>Kontaktperson oppdragsgjevar:</i> Øistein Aasland, Fylkesmannen i Hordaland Kristoffer Ullern Hansen, SNO
<i>Referat:</i> Husmannsplassen Nåli ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområdet og er ein del av verdsarvområdet vestnorsk fjordlandskap, delområde sør, Nærøyfjorden. Nåli er eit mykje nytta turmål. Det er lenge sidan det var aktiv drift på Nåli og gjengroinga har kome langt. For landskapsopplevelingen er det viktig med aktiv skjøtsel av området. Målet med skjøtselen er kulturhistorisk og landskapsmessig. Beiting kombinert med mekanisk rydding er føreslege som skjøtsel. Det er behov for etablering av gjerde og grinder i samband med dette. Nåli har mange vitjande i løpet av eit år og det kan vere behov for større grad av tilrettelegging enn det er i dag. Dette er ikkje vurdert nærmare i denne planen.	
<i>Framsideillustasjon:</i> Nåli sett frå Stalheim, Jordalsnuten i bakgrunnen	<i>Emneord:</i> Skjøtselplan Landskapsvernområde Verdsarv Husmannsplass
<i>Produsert av:</i> Aurland Naturverkstad BA Postboks 27 5741 Aurland Tlf. 57633629, Faks: 57633516 e - post: <a href="mailto:post@naturverkstad.no">post@naturverkstad.no</a>	



## **Forord**

Denne rapporten er ein plan for skjøtsel av kulturlandskapet på husmannsplassen Nåli. Nåli ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde og er ein del av verdsarvområdet vestnorsk fjordlandskap, delområde sør, Nærøyfjorden.

Nåli er eit mykje nytta turmål. Det er lenge sidan det var aktiv drift på Nåli og gjengroinga har kome langt. For landskapsopplevinga er det viktig med aktiv skjøtsel av området.

Aurland Naturverkstad er engasjert av Fylkesmannen i Hordaland for å utarbeide ein skjøtselsplan for Nåli.


Aurland, 4. februar 2011

Ingunn Bårtvedt Skjerdal

## **Innhold**

<b>Forord .....</b>	<b>v</b>
<b>Innhold .....</b>	<b>vi</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>1</b>
<b>2 Målsetting .....</b>	<b>3</b>
<b>3 Historisk bruk .....</b>	<b>3</b>
3.1 Biologisk mangfald.....	5
3.2 Kulturminne .....	5
3.3 Informasjon .....	7
<b>4 Skjøtselplan .....</b>	<b>8</b>
4.1 Skjøtselsområde .....	8
4.2 Skjøtselsmål - vegetasjon .....	8
4.3 Framlegg til tiltak .....	9
4.3.1 Restaurering.....	9
4.3.2 Beiting .....	9
4.3.3 Gjengroingsartar og problemartar.....	10
4.3.4 Utføring av ulike skjøtselstiltak.....	10
4.3.5 Skjøtsel - kulturminne i landskapet.....	10
4.3.6 Tilrettelegging for friluftsliv .....	10
4.4 Oppfølging .....	11
<b>Kjelder.....</b>	<b>12</b>
<b>Vedlegg .....</b>	<b>13</b>
Verneforskrifta.....	13
Skjøtselsplan .....	13

## 1 Innleiing



Figur 1 Nåli ligg på ei fjellhylle høgt over Nærøydalen.


Nåli er ein gamal husmannsplass, som ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Området er ein del av verdsarvområdet vestnorsk fjordlandskap, delområde sør, Nærøyfjorden. Området ligg i Voss kommune i Hordland fylke.

Plassen Nåli ligg på ei fjellhylle ved den gamle ferdelsvegen mellom Jordalen og Stalheim. I forvaltningsplanen for verdsarvområdet er Nåli trekt fram som eit attraktivt turmål og eit område kor tilretteleggingstiltak bør prioriterast.

Målet for skjøtselsplanen er å legge til rette for ei god forvaltning av Nåli der ein tek vare på verdiane knytt til kulturlandskapet ved den gamle husmannsplassen. Denne planen omtalar ikkje tilretteleggingstiltak knytt til Nåli sin bruk som turmål og tilretteleggingstiltak knytt til denne bruken.

### Lokalisering

Nåli ligg midt i dalsida omlag 480 moh, (**Feil! Fant ikke referansesekilden.**). Fjellhylla er godt synleg frå Stalheim hotell og ligg mellom hotellet og Jordalsnuten. Jordalsnuten er karakteristisk for området og Nåli er ein del av denne utsikten. I dag er det tilvakse med skog og vanskeleg å oppfatte at det er ei opning i vegetasjonen. På same måte er utsikten frå Nåli til Nærøydalen med Jordalsnuten, Stalheimsfossen, Stalheimskleiva og Stalheim redusert av skogen.




Figur 2 Husmannsplassen Nåli ligg på fjellhylla i den bratte dalsida, rett bak ligg Jordalsnuten. I dag kan ein så vidt skimte ei opning i vegetasjonen på Nåli.

### Metode

Det er gjennomført felles synfaring med SNO og grunneigar Randi Engelsen Eide 2. september 2010. Grunneigar orienterte om sin kunnskap om historisk bruk og dagens bruk av området. På synfaringa vart vegetasjon og synlege kulturminne registrert.

Tilråding om skjøtsel er gjort med grunnlag i kunnskap om historisk bruk av området, dagens bruk av området og realistiske skjøtselstiltak.



Informasjonstavle



Benk

Figur 3 Tilrettelegging knytt til friluftslivaktivitetene på Nåli.

### Dagens bruk

Nåli er eit mykje brukt turmål. Turen ut til Nåli er spektakulær, i tillegg går den i ganske slakt terrenget og med at ein følgjer dalsida utover. Fram og tilbake frå Stalheim hotell tek turen om lag 2 timer.

Stien ut til Nåli er godt opparbeidd og tilrettelagt, med sikring, utsiktpunkt og rydding av stien. På Nåli er det sett opp ei informasjonstavle. Det er og eit par benkar/rastebord kor ein kan sette seg. I tillegg er det etablert ein bålpllass.

Grunneigaren har ei bok liggande i ei kasse på Nåli. Alle som tek turen vert oppfordra til å skrive seg inn, men ikkje alle gjer det. Sesongen 2010 var det omlag 1700 vitjande som skrev seg inn i boka. Fyrste og andre sesongen etter at stien vart sett i stand, var det 1800-1900 som skrev seg inn i boka.

Området er ikkje i bruk som beiteområde eller annan landbruksmessig drift.

## 2 Målsetting

Målet med skjøtsel av området er hovudsak kulturhistorisk og landskapsmessig:

- Opne opp dei tidlegare innmarksareala og sikre at dei vert halde ope
- Gjere viktige kulturlandskapselement synlege
- Gjere området synleg frå Stalheim
- Sikre utsikten frå området til Nærøydalen med Jordalsnuten, Stalheimsfossen, Stalheimskleiva og Stalheim.

## 3 Historisk bruk

Nåli ligg langs ferdssvegen mellom Stalheim og Jordalen. Første skriftlege kjelde som fortel om husmann på Nåli er frå ca 1870. Nåli var då omtala som husmannsplass under Sivle gard. I 1875 hadde husmannen på Nåli 2 kyr, 4 sauvar, 11 geiter og dei dyrka poteter og korn. Opp gjennom historia har det vore 4 husmenn på Nåli. Den siste husmannen flytta frå plassen på 20-talet. Dei siste åra Nåli var i bruk var det ingen som budde der om vinteren, men Nåli vart nytta i samband med vårnipa og om sommaren., (pers.medd Birger Hylland)

Etter dette vart plassen slått og høyet vart båre fram til Sivle gard fram til 1960 talet. Etter 2. verdskrig og fram til 1953 vart det teke ut mykje ved kvar vinter. Veden vart sendt på løypestreng ned til Stalheimsøy i Nærøydalen. Løypestrengen måtte takast ned av di det vart bygt kraftlinja i berget under Nåli til Jordalen i 1953.

Den gamle ferdssvegen mellom Stalheim og Jordalen går forbi Nåli . Over Nåli gjekk stien langs ein steingard som var eit tydeleg skilje mellom innmarka på garden, ferdssvegen og utmark.



Ein har ingen skriftlege kjelder om tidlegare arealbruk. Ut i frå topografi, rydningsrøyser og dagens vegetasjon er det truleg at flatene oppe rundt husa har vore slåttemark og at det har vore åker i området nord for hustuftene. Ved eit fuktig nord for hustuftene er det ei rydningsrøys inne i skogen

Lauv har truleg vore viktig tilleggsfôr. I dag er det berre eit gammalt styvingstre igjen. Det er ei selje som står på oppsida av stien. I dette området har det truleg vore mange fleire styvingstre. Desse er truleg hogd på 50-talet då det har vore teke ut mykje ved i området.

Figur 4 Ei gamla selje står att som einaste spor etter aktiv lauvning.

Området har truleg aldri vore gjødsla med kunstgjødsel.



Figur 5 Nåli anno 1924. Ein sterk kontrast til dagens situasjon. Biletet syner at areala var godt utnytta. Stien til Jordalen kjem godt fram og det er knapt eit tre å sjå, også bygningane er godt dokumentert. Midt i biletet kan ein skimte eit lam som står ved ei troeheisje, til høgre framom eldhuset kan ein skimte det som truleg er gjerde stolpar. (foto: Wilse 1924, Norsk Folkemuseum)

### 3.1 Biologisk mangfold

Den tidlegare innmarka er for det meste tilvaks med skog. Det er bjørkeskog med gras og urter i feltsjiktet. På flatene nærmest dei gamle grunnmurane er området framleis naturleg ope. I feltsjiktet vekst firkantperikum, som er dominerande einskilde plassar, sølvbunke, gulaks, blåtopp, hundegras, engkvein og engrapp, stormarimjelle, tepperot, grasstjerneblom, bringebær, skogburkne, kvitbladtistel, kvassdå, bittekonvall, engsyre, storengkall, engfrytle og hårfrytle, skogstorkenebb og mjødurt. I området ved tuftene dominerer einstape.



Figur 6 Den gamle slåttemarka på Nåli slik den ligg i dag, biletet er teke frå oppslagstavla mot sørvest.

Det har vore gjennomført hogst av skogen. Dette har opna opp området mykje. Einskilde bjørker er sett att. Trestammene er ikkje fjerna frå området, men er reist opp. Mykje av kvisten er brent på staden. Hogsten har opna opp området og gjev no plass for nye tre. Det er gjort forsøk på å etablere eit par nye styvingstre. Dersom det skal etablerast styvingstre i området, bør dette skje på oversida av steingarden, ferdsselsvegen.

På rabbane fram mot dalen er det tørt og her veks lyng og urter, typiske arter er tyttebær, blåbær, augnestrøst, ryllik, blåknapp, blåklokke, firkantperikum, marikåpe, kvitmaure, hengeaks, gulaks, sølvbunke, einstape og einer. Dette er typiske arter for gamal eng som er i gjengroingsfase med skogsartar.

Mot nord er det eit fuktsig. I dette området er det or og bjørk i tresjiktet, i feltsjiktet gras og urter, mykje dei same som er nemnt før. Skogen er så kraftig av vekst og tett at eineren vert skygga ut. Her har det vore rydda skog for mange år tilbake og denne ligg på bakken og rotnar.

### 3.2 Kulturminne

Kulturminna er lagt inn i skjøtselskartet, skjøtselkartet fylgjer som vedlegg.

#### Hustuftter



Figur 7 Hustuftene er godt skjult av vegetasjonen.



Figur 8 Stovehuset på Nåli, biletet frå 1905. (foto: utlånt av Fylkesmannen i Hordaland)

Det har stått to hus på Nåli. I dag er det grunnmurane som er att. Eit biletet teke av Wilse i 1924(Figur 5) syner korleis husa såg ut og kor dei sto plassert. Det eine var ei stove. Stova hadde svalgang med trapp opp til lemmen. Stova hadde eit rom, den hadde ikkje pipe, men det var ein omn med eit omnsrøyr ut. Omnen vart nytta både til oppvarming og koking av mat. I kjellaren var det fjøs med plass til nokre få dyr. Det andre huset var eit lite eldhus som vart nytta som grovkjøkken, baking og vasking av kle mm. (pers medd Birger Hylland).

### Mur/steingard



Figur 9 Steingarden kan skimtast mellom trea. Steingarden er eit viktig element i landskapet som har behov for skjøtsel og restaurering.

Ferdselsvegen frå Stalheim til Jordalen er eit viktig kulturminne. Ved Nåli går den gamle ferdselsvegen langs ein mur. Muren ser ut til å vere ein kombinasjon av oppbygging av ferdselsvegen på deler av strekninga og eit gjerde mot innmarksareala på andre deler av strekninga. Muren har vore eit viktig skilje mot innmarka. I Jordalen dreiv dei stor med geiter. Driftene gjekk forbi Nåli og geitene i driftene hadde ikkje lov til å kome ned på innmarka på Nåli, derfor var det eit stort behov for eit skilje mellom ferdselsvegen og innmarka (pers medd Birger Hylland).

I kartet ligg muren inne med ei lengde på om lag 420m. I dag er muren delvis overgrodd og det er ikkje lenger tydeleg at muren har vore ei avgrensing mot innmarka og at ferdselsvegen gjekk langs muren. Muren flyt ut og er svært tilgrodd med tre og annan vegetasjon.



### Brønn

Sør i området er det ein brønn. Brønnen er rasa saman. Det er sett i gang eit arbeidd med oppattmuring av den gamle brønnen.

Figur 10 Brønnen slik han såg ut før arbeidet med restaurering vart sett i gang.

## Kolgrop



Figur 11 Kolgropa ligg i tett vegetasjon.

Nordaust på ein rabbe ute på kanten mot Nærøydalen ligg det ei kolgrop. Kolgropene var nytta i samband med framstilling av trekol. Kolgropene vert ofte rekna som fornminne, men det har synt seg at i distrikta rundt Voss og Hardanger er mange av kolgropene frå nyare tid. Dette kan forklarast med at ein offiser på Voss hadde lært om jarnutvinning i 1666. Til dette trengte ein mykje trekol. Trekol vart ei viktig tilleggsinntekt og det vart produsert trekol i distrikta rundt Voss og i Hardanger. (Pers. medd Lars Øyvind Birkenes)

Frå den same rabben finn ein spor etter løypestrengen som dei brukte å senda ned til Stalheimsøy.

## Andre kulturminne

I området er det også rydningsrøys i fuktiget nord for hustuftene. Dette kan tolkast som spor etter ein åker.

### 3.3 Informasjon




Figur 12 Informasjonstavla om Nåli.

På Nåli står det ei oppslagstavle med informasjon om husmannsplassen Nåli, samt informasjon om geologi, botanikk, fauna og lokalhistorie. Tavla gjev mykje informasjon om området og det er etter ikkje behov for ytterlegare informasjon på Nåli.

## 4 Skjøtselplan

### 4.1 Skjøtselsområde

Området for skjøtsel har ei naturleg avgrensing mot nord , aust og sør, mot vest vert området avgrensa av fjellet som stig bratt opp.



### 4.2 Skjøtselsmål - vegetasjon

Området er delt inn i 4 skjøtselsområder.

Område	Dagens tilstand	Skjøtselsmål	Tiltak	Pri	Historisk bruk
1	Opne flater etter at bjørke-skogen er hogd, open mark i gjengroing	Open beitemark	Rydding av alle tre Styrt beiting tidleg i sesongen, mekanisk rydding av problemartar.	1	Slåttemark
1	Opne flater etter at bjørke-skogen er hogd, open mark i gjengroing	Slåttemark	Vår og haustbeite, slått i juli, gjerde må nyttast for å halde beitedyr utanfor området, før slåtten.	3	Slåttemark
2	Skog med bjørk, ospeholt og noko furu.	Tresatt beitemark	Rydding av tre, sette igjen treklynger med 10m avstand, prioritere søyleforma einer. Prioritere siktlinjer mot Stalheim. Beiting	2	Truleg slåttemark

Område	Dagens tilstand	Skjøtselmål	Tiltak	Pri	Historisk bruk
2	Skog med bjørk, ospeholt og noko furu.	Open beitemark	Rydding av alle tre, ev. sette igjen søyleforma einer. Beiting	3	Truleg slåttemark
4	Skog bjørk, or, selje	Hagemark	Rydding av tre, beiting, Etablering av styvingstre, selje og bjørk	2	Hagemark
3	Skog, bjørk, or i fuktsig, noko furu	Open beitemark	Rydding av alle tre, beiting, prioritere sikt mot Jordalsnuten.	2	Slåttemark og åker

For område 1 og 2 er det definert to skjøtselsmål. For område 1 er det første målet å få opna opp området. På sikt kan det vere eit mål å etablere slåttemark. Dette vil vere avhengig av kor store ressursar det er mogleg å legge inn i skjøtsel. Tilsvarande er det i område 2 viktig å opne opp slik at ein sikrar innsyn frå Stalheim og utsyn mot Stalheim, Stalheimsfossen og Nærøydalen. På lengre sikt kan ein sjå føre seg at området vert opna heilt opp. Dette har igjen samanheng med tilgang til ressursar til å gjennomføre skjøtsel.

### 4.3 Framlegg til tiltak

All skjøtsel og ev. anna tilrettelegging på Nåli skal skje etter avtale med grunneigar.

Når ein har sett i gang med skjøtsel er det svært viktig at rydding av tre vert følgd opp med beiting og/eller slått same året som ryddinga er gjennomført.

#### 4.3.1 Restaurering

- rydding av busker og kratt
  - o begynn med busker og kratt som kan takast om sommaren i kombinasjon med beiting – få oversikt over området
  - o buskene må kappast så låge som mogleg
- hogst bør skje manuelt
  - o helst på frossen, snødekt mark
  - o stubben skal være så lav som mogleg
- fjerning av ved og avfall
  - o Alt avfall må fjernast med ein gong. På Nåli er dette enklast ved brenning
  - o Ved brenning følg anbefalt framgangsmåte i Skjøtselboka
  - o Trevirke som kan nyttast til ved må fraktast ut av området.

#### 4.3.2 Beiting

- Ved vegetasjon i **tre-stadiet** må beiting kombinerast med manuell rydding
- Dersom effekten av beiting skal være effektiv på gjengroingsartane er det viktig med høgt beitetrykk heile beiteperioden, men spesielt tidleg i sesongen og utover hausten.
- Styrt beiting i område 1 er aktuelt, målet er å få eit høgt beitetrykk i eit avgrensa område.
- Det kan være naudsynt å supplere beiting med å rydde busker og planter som dyra ikkje eter, sjå kap 4.3.3)
- Både geit og villsau er tilrådd som dyreslag for gjennomføring av beiting. Dei vil kunne gjere ein god jobb ved beiting av området.

- Det vil vere behov for **gjerde** i samband med beiting. I og med at Nåli er eit viktig turmål vil også val av grinder vere viktig. Geiter set særskilde krav til gjerde. Til geiter vert det tilrådd å nytte permanent elektrisk gjerde med 3-4 trådar i høgda og sjølvlukkande grinder. Til sau kan ein redusere talet trådar til to, med omsyn til grinder kan ein velje slusegrind.
- Målt på kartet vil lengda på eit gjerde vere om lag 900 m, på grunn av at dette er skrånande terreng, vil gjerdet verta lenger i terrenget.
- Vasstilgangen er svært viktig med omsyn til beiting som skjøtselstiltak.

#### **4.3.3 Gjengroingsartar og problemartar**

- Artar som einstape, hundegras, skogstorkenebb, mjødurt, bringebær og sølvbunke.
  - Start beiting rett etter hogst med høgt beitetrykk
  - Beit lenge utover hausten slik at det er lite dødt gras igjen til våren
  - Sauer er spesielt gode til å beite mange av problemartane
  - Mjødurt, hundekjeks og brennesle bør fjernast ved slått fleire gonger i løpet av sommarsesongen (før frøsetting)
- Or har rotutløparar og hogst av or vil føre til mange rotskot (20-30 pr stubbe). Or bør ringbarkast, dersom området vert beita av geit vil dei ta rotskota.

#### **4.3.4 Utfering av ulike skjøtselstiltak**

Generelt vil vi vise til nyttige tips og råd som kjem fram i boka "Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker" (Norderhaug et. al 1999). Her blir det gjeve gode råd både i forhold til spesifikke problemartar og generelle råd for skjøtsel på ulike kulturmarkstypar. Husdyrrasar, reiskapstypar, beste tidspunkt for ulike tiltak, bruk av gjødsel og andre tema blir omtalt. Ved planlegging og gjennomføring av skjøtsel blir det tilrådd at boka blir konsultert.

#### **4.3.5 Skjøtsel - kulturminne i landskapet**

Nåli fortel ei historie om utnytting av ressursane i landskapet. I tillegg til skjøtsel av vegetasjonen er det viktig å rydde fram og restaurere kulturminna på Nåli. Dersom området vert rydda og beita vil mange av strukturane i landskapet kome fram, i tillegg kan det vere behov for å restaurere nokre av dei.

- Hustuftene – rydding av vegetasjon rundt, sikring
- Steingarden – rydding av vegetasjon og oppattbygging av delar som har rast ut
- Ferdelsvegen – rydde fram den gamle stien, fortrinnsvis nytte denne ved tilkomst til Nåli.
- Brønnen – rekonstruksjon og oppattbygging, overbygg for å sikre brønnen.
- Kolgropa – rydde vegetasjon slik at den kjem fram i landskapet
- Rydningsrøyser – rydde vegetasjon – beiting og mekanisk rydding.

#### **4.3.6 Tilrettelegging for friluftsliv**

Tilrettelegging for friluftsliv har ikkje vore tema i denne skjøtselsplanen. I og med at området er mykje besøkt kan det vere grunnlag for ein større grad av tilrettelegging av Nåli som turmål og rastepllass enn slik det er i dag. Aktuelle problemstillingar som har kome fram er:

- Etablering av fast bålpllass
- Oppattbygging av bygningar (stovehus og grindbygg)
- Plassering av benker og bord for rast

Det bør utarbeidast ein eigen tiltaksplan med fokus på friluftsliv.

#### **4.4 Oppfølging**

I samband med skjøtsel av området er det viktig å dokumentere kva for tiltak som vert sett i verk og kva for ein effekt dei har. Spesielt med omsyn til landskapsbilete, men det kan og vere aktuelt med omsyn til biologisk mangfald.

Det bør etablerast faste fotopunkt, på Stalheim og Nåli for å dokumentere no- situasjonen og effekten av tiltaka årleg i minimum 5 år. Målet er å dokumentere tiltaka sin verknad på landskapsbiletet og om måla med tiltaka vert nådd. Det må og loggførast frå år til år kva tiltak som vert gjennomført.

## **Kjelder**

Norderhaug,A. et.al. 1999, Skjøtselsboka, Landbruksforlaget

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 2008, forvaltningsplan vestnorsk Fjordlandskap, delområde

Nærøyfjorden Fylkesmannen i Sogn og Fjordane rapport 1-2008.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, brosjyre, Råd for skjøtselstiltak,

### **Munnlege kjelder:**

Randi Engelsen Eide, grunneigar, Sivle gard

Birger Hylland, kunnskap om lokalhistorie

Lars Øyvind Birkenes, arkeolog, Hordland fylkeskommune

Gunnar Bergo, Voss kommune

**Vedlegg**

**Verneforskrifta**

**Skjøtselsplan**



# Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommuner, Sogn og Fjordane og Hordaland.

---

DATO:	FOR-2002-11-08-1280
KATEGORI:	MV (Miljøvern/vilt)
PUBLISERT:	II 2002 hefte 7
IKRAFTTREDELSE:	2002-11-08
ENDRER:	
GJELDER FOR:	Aurland, Vik og Voss kommuner, Sogn og Fjordane og Hordaland.
HJEMMEL:	LOV-1970-06-19-63-§5 , LOV-1970-06-19-63-§6 , LOV-1970-06-19-63-§21 , LOV-1970-06-19-63-§22 , LOV-1970-06-19-63-§23
KUNNGJORT:	2002-11-21
RETET:	
JOURNALNR:	2002-0401
KORTTITTEL:	Forskr. om Nærøyfjorden landskapsvernområde

## INNHOLD

Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommuner, Sogn og Fjordane og Hordaland.

- § 1. Avgrensing
- § 2. Føremål
- § 3. Verneregler
- § 4. Unntak i særskilde høve
- § 5. Forvaltningsplan
- § 6. Forvaltningstyresmakt
- § 7. Rådgjevande utval
- § 8. Iverksetting

---

## Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommuner, Sogn og Fjordane og Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 5 og § 6, jf. § 21, § 22 og § 23.  
Fremma av Miljøverndepartementet.

### § 1. Avgrensing

Landskapsvernområdet gjeld følgjande gnr./bnr.:

*Aurland kommune:* 1/1, 2, 3, 2/1, 2, 3/1, 5/1, 4, 5, 8, 9, 10, 11, 7/1, 2, 8/1, 5, 6, 12/1, 30/1, 2, 3, 4, 6, 9, 14, 31/4, 33/1, 38/1, 2, 3, 8, 12, 13, 37, 48/1, 3, 5, 49/1, 2, 4, 6, 7, 8, 16, 50/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 14, 51/1, 2, 6, 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 24, 27, 28, 32, 33, 34, 40, 42, 43, 44, 48, 52, 53, 60, 108, 52/1, 3, 4, 5, 53/1, 2, 55/1, 2, 56/1, 58/1, 2, 59/1, 2, 3, 4, 5, 9, 60/1, 2, 3, 4, 8, 61/1, 2, 3, 5, 6, 8, 62/1, 64/1, 2, 4, 5, 6, 9, 16, 20, 24, 65/1, 2, 3, 4, 5, 6, 66/1, 67/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 2.

*Vik kommune:* 135/2, 4, 7, 8, 136/2, 4, 5, 9, 10, 12, 13, 137/2, 3, 6, 8, 138/1, 3, 4, 139/1, 3, 4, 140/1, 3, 4, 7, 8, 10, 13, 14, 15, 17, 18, 21, 22, 26, 32, 141/1, 4, 6, 10, 142/1, 2, 3, 5, 143/1, 144/1, 2, 3, 4, 5, 145/1, 146/1, 147/4, 148/1, 2, 3, 4, 23, 149/1, 2, 3, 7, 10, 11, 13, 150/1, 2.

*Voss kommune:* 80/1, 4, 149/3, 4, 150/1, 4, 331/1, 332/1, 2, 4, 6, 15, 26, 28, 333/1, 3, 334/1, 2, 4, 335/1, 2, 3, 4, 5, 7, 336/1, 337/1, 2, 3, 4, 5, 338/2.

Det samla arealet, inkl. sjø, er på ca. 576 km<sup>2</sup>, landareal på ca. 547 km<sup>2</sup>. Grensene for landskapsvernområdet framgår av kart i målestokk 1:50.000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002.

Kart og verneforskrift finst i Miljøverndepartementet, i Direktoratet for naturforvaltning, hos fylkesmannen og i kommunane med areal i landskapsvernområdet.

## § 2. Føremål

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beite landskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

## § 3. Vernereglar

### 1. Landskapet, plante- og dyrelivet.

1.1 Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Dette gjeld til dømes:

- Bergverksdrift, vassdragsregulering, bygging av vegar, oppsetjing og riving av bygningar, oppføring av anlegg og faste innretningar, framføring av luftleidningar og jordleidningar, drenering og anna form for tørrelæring, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bruk av kunstgjødsel og kjemiske sprøytemiddel i utmark, fjerning eller inngrep i verdfulle kulturminne så som gamle vegar og steinmurar. Opplistinga er ikkje uttømmande.
- Nydyrkning, endring av samansetnaden av naturleg treslag ved skogkultur, flatehogst, felling av særmerkte og dekorative tre og daude tre som er med på å prege landskapet og som er viktige for dyrelivet.

Forvaltningsstyresmakta avgjer i tvilstilfelle om eit tiltak vil endre landskapets art eller karakter vesentleg eller på annan måte er i strid med føremålet med vernet. Dersom omsynet til verneverdiane gjer det naudsynt, kan Direktoratet for naturforvaltning fastsetje nærmare reglar om ferdsle.

1.2 Reglane i 1.1 er likevel ikkje til hinder for:

- Landbruksdrift på eksisterande innmark. Drifta må ta omsyn til landskapet sitt sær preg og spesielle karakter.
- Beiting, rydding av beite, slått og lauving, når dette ikkje stirr mot verneformålet.
- Vedlikehald av bygningar, gjerde, bruver, klopper, vegar og stiar og stenging av skorfeste og oppsetting av kve. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar av fasade på bygningen.
- Hogst, men ikkje samanhengande flater større enn fem dekar.

- e) Vanleg vedlikehald av eksisterande kablar, luftleidningar, vatningsveiter, løypestreng, gjerde m.m.
- f) Jakt og fiske etter gjeldande regelverk.
- g) Gjennomføring av militær øving/trening i eksisterende sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.
- h) Drift og vedlikehald av kystverket sine anlegg, og ferdsel i samband med dette arbeidet.

### 1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- a) Endra bruksformer i landbruket i samsvar med driftsplan.
- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemد og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- c) Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk
- d) Tilrettelegging av enkle traktorløyper for uttak av trevirke og i beitebruksamanheng.
- e) Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka og vegen til Jordalen.
- f) Oppsetting av nye gjerde (som ikkje gjeld stenging av skorfeste og oppsetting av kve), oppmerking og varding av nye fotturruter og nybygging av bruer og klopper.
- g) Ras- og flaumsikring av busetnad og innmark.
- h) Skogsdrift på flater større enn fem dekar i samsvar med driftsplan.
- i) Etablering av luftesjakter som er naudsnyt i samband med underjordisk drift av mineral med uttaksstad utanfor verneområdet.
- j) Nyetablering av kystverket sine anlegg.

## 2. Motorferdsel

### 2.1 Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeins lågtflyging under 300 meter og landing. Med landing meiner ein øg henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

#### 2.2 Reglane i 2.1 er likevel ikkje til hinder for:

- a) Gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemد.
- b) Motorferdsel på fjorden, herunder å gå til land eller kai. Maksimum fart forbi Skalmenes-Bleklindi er 8 knop. Fartsreduksjonen gjeld ikkje båtar under 30 fot.
- c) Motorferdsel på dei offentlege bilvegane i landskapsvernområdet.
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.
- e) Naudsynt motorferdsel på vinterføre til landbruksdrift som frakting av ved eller hogstvirke, gjerdeutstyr, saltsteinar eller materialar til vøling av stolar o.l. Motorkøyretøy kan på vinterføre nyttast til uthenting av ved frå eigen eidegn til fast bustad.
- f) Naudsynt lufttransport i samband med landbruksdrift. Luftransport skal meldast til oppsynet før transporten tek til.
- g) Militær lågtflyging.
- h) Motorferdsel i samband med militær øving/trening i eksisterende sikkerhetssone for Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

2.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gje løyve til luft- og snøscootertransport av materiale til hytter, bruer mv. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar. Traséane for snøscootertransport skal teiknast inn på kart.

#### **§ 4. Unntak i særskilde høve**

Forvalningsstyresmakta kan gjere unntak fra verneforskrifta når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i spesielle tilfelle, når det ikkje stirr mot føremålet med vernet.

#### **§ 5. Forvalningsplan**

Det skal utarbeidast ein forvalningsplan med nærmare gitte retningsliner for forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon mv. Forvalningsplanen skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning. Forvalningsstyresmakta, eller den forvalningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje føremålet med vernet.

#### **§ 6. Forvaltningsstyresmakt**

Direktoratet for naturforvaltning avgjer kven som skal ha forvaltningsmynde etter forskrifta.

#### **§ 7. Rådgjevande utval**

Det kan nemnast opp eit rådgjevande utval for landskapsvernombordet.

#### **§ 8. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

---


Dokumentet er hentet fra Norsk Lovtidend og er ikke ajourført med eventuelle endringer.

# Skjøtselsplan

## Husmannsplassen Nåi Nærøyfjorden LVO

### Teiknforklaring

-  1 og 3 Open beitemark
-  2 Tresatt beitemark
-  4 Hagemark
-  Benk
-  Gjerde



Kartgrunnlag: Fylkesmannen i Hordaland  
Planen er utarbeidet av: